



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Trondheim, 11.10.2017

Dykkar ref.:
[Dykkar ref.]

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2016/4759

Sakshandsamar:
Line Novstad Klungreseth

Grenseendring for Jostedalsbreen nasjonalpark ved Kjosnesfjorden

Vi viser til brev av 13. september 2012, der Fylkesmannen i Sogn og Fjordane tilrår at Miljødirektoratet endrar grensene for Jostedalsbreen nasjonalpark etter bygging av Kjosnesfjorden Kraftverk.

Bakgrunnen for framlegget er tilpassing av grensene etter bygging av Kjosnesfjorden Kraftverk. Meininga var opphavleg at grensendringane skulle gjerast samstundes med kgl.res. 21.11.2003 om konsesjon til Kjosnesfjorden Kraftverk AS, men det var ikkje praktisk gjennomførleg fordi ein på det tidspunktet ikkje visste nøyaktig kor bekkeinntaka ville kome i terrenget.

Verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark ble vedteken ved kgl. res. 25.10.1991.

Fylkesmannen meiner at grenseendringane er av eit slikt omfang at dei må vedtakast gjennom kgl. res. I alt vert arealet til nasjonalparken redusert med ca. 1,76 km².

Miljødirektoratet si vurdering

Myndet til å vedta verneforskrifter ligg etter naturmangfaldlova § 34 fjerde ledd til Kongen. Etter naturmangfaldlova § 34 sjette ledd kan Kongen delegere mynde til å foreta enkelte mindre forskriftsendringar, herunder myndet til å foreta «grenseendringar som omfattar mindre areal og som ikkje får nemneverdig betydning for private interesser». Dette myndet er i delegeringsvedtak av 20. oktober 2015 delegert til Miljødirektoratet.

Saka er grundig handsama av regjeringa tidlegare. Miljødirektoratet viser til kgl. res. 25. 10. 1991 det det heite at *"Trollavatn som berører verneforslaget i Jølster, blir tillatt regulert dersom aktuelle utbyggingsprosjekter blir passert i kategori I."* og vidare til kgl. res. 21.11. 2013, om konsesjon til Kjosnesfjorden Kraftverk AS. Det er klare føringar i baa kgl.res, og det er derfor ikkje naudsynt å legge frem grensendringa for regjeringa på nytt ettersom endringane er avgrensa til det som er strengt naudsynt for bygging av Kjosnesfjorden kraftverk og som regjeringa har vedteke.

Endringa er såleis dekka av Miljødirektoratet sitt mynde, sett samla med føringane i kgl.res. og st.meld. nr 60. (1991-92).

Miljødirektoratet legg til grunn at konsesjonen til Kjøsnesfjorden Kraftverk AS føreset ei grenseendring, og endrar derfor forskrifta og grensene for Jostedalsbreen nasjonalpark i tråd med Fylkesmannen si tilråding.

Endringa er tilstrekkeleg utgreidd og berørte partar har fått høve til å uttala seg. Yttarlegare høyring er derfor ikkje naudsynt, jf. forvaltningslova § 37 fjerde ledd bokstav c.

Samtidig endrar vi i forskrifta tilvisingane til «Miljøverndepartementet» og «Direktoratet for naturforvaltning» til «Klima- og miljødepartementet» og «Miljødirektoratet» i samsvar med namneendringar. Arealet let seg også nøyaktigare rekne ut med digitale kart, og vert endra i tråd med dei siste utrekningane.

På bakgrunn av det ovannemnde vedtar Miljødirektoratet følgande forskrift:

Forskrift om endring av forskrift om Jostedalsbreen nasjonalpark

Med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) § 34, sjette ledd, delegeringsvedtak 9. oktober 2015 nr. 1178 og delegeringsvedtak 20. oktober 2015 nr. 1905 vedtar Miljødirektoratet følgande:

I

I forskrift 25. oktober 1991 om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark, Luster, Sogndal, Balestrand, Førde Jølster, Gloppen og Stryn kommunar, Sogn og Fjordane fylke, vert det gjort følgande endringar:

Punkt II skal lyde:

II

Nasjonalparken femner om størstedelen av **Jostedalsbreen** statsallmenning, heile Myklebustbreen statsallmenning, Svardals/Steindalsbreen statsallmenning og Grovabreen statsallmenning.

Det samla arealet er ca. 1314 km². Av dette ligg omlag 370 km² på privat grunn.

I tillegg til statsgrunn femner nasjonalparken om delar av følgjande gnr/bnr:

Luster kommune: 131/1, 132/2, 131/3, 131/4, 131/5, 131/6, 131/7, 131/8, 131/9, 131/11, 132/1, 132/2, 132/3, 132/4, 132/5, 132/6, 132/7, 132/8, 132/9, 132/10, 132/11, 132/12, 132/13, 132/14, 132/15, 132/16, 132/23, 132/24, 132/25, 132/26, 132/29, 132/30, 132/31, 132/32, 132/37, 132/43, 132/44, 132/45, 132/46, 132/47, 132/48, 132/49, 132/50, 132/51, 132/53, 132/54, 132/57, 132/58, 132/60, 132/61, 132/62, 132/63, 132/64, 132/65, 132/66, 133/1, 133/2, 133/4, 133/5, 133/6, 133/7, 133/8, 133/9, 133/10, 133/11, 133/12, 133/13, 133/14, 133/15, 133/16, 133/17, 133/18, 133/23, 133/24, 186/2, 186/7, 186/8, 186/10, 188/1, 188/2, 188/3, 188/4, 188/5, 188/6, 188/7, 188/8, 188/9, 188/10, 188/11, 188/12, 189/1, 189/2, 189/3, 189/4, 189/5, 191/1, 191/2, 193/1, 193/2, 193/4, 193/5, 194/1, 194/2, 194/3, 194/4, 194/5, 194/6, 194/10, 194/11, 201/1, 201/2,

202/1, 202/2, 202/3, 202/4, 202/5, 202/7, 202/8, 202/10, 202/12, 203/1, 203/2, 203/3, 203/4, 204/1, 204/2, 204/3, 204/4, 204/5, 204/6, 204/7, 204/8, 205/1, 205/2, 205/3, 205/4, 205/5, 208/1, 208/2, 208/3, 208/4, 208/5, 208/6, 209/1, 209/2, 209/3, 210/1, 210/2, 210/3, 210/4, 210/5, 211/1, 211/2, 211/3, 211/4, 211/5, 211/6.

Sogndal kommune: 48/1, 48/3, 48/7, 49/1, 49/2, 50/1, 51/1, 51/2, 51/12, 51/13.

Balestrand kommune: 53/1, 53/2, 53/5, 53/8, 53/10, 53/13, 53/14, 53/15, 53/16, 53/17, 53/18, 53/19, 53/20, 53/21, 53/23, 53/26, 53/28, 53/29, 53/33, 53/35, 54/1, 55/1, 55/2, 55/3, 55/4, 55/5, 55/6, 57/1, 57/2, 57/3, 58/1, 58/2, 60/1.

Førde kommune: 3/1, 3/2, 3/3, 3/4, 3/5.

Jølster kommune: 16/1, 16/2, 16/3, 16/4, 16/6, 16/8, 19/1, 19/2, 19/3, 19/4, 19/5, 19/6, 19/7, 19/8, 19/9, 19/10, 19/11, 19/12, 19/13, 19/15, 19/16, 20/1, 20/2, 20/4, 20/5, 20/6, 21/1, 21/2, 21/3, 21/4, 21/5, 21/6, 21/7, 21/8, 21/9, 21/10, 21/11, 23/1, 23/2, 23/3, 23/4, 23/5, 23/6, 23/7, 23/8, 23/9, 23/10, 23/11, 23/12, 23/13, 23/14, 23/15, 23/16, 24/1, 25/1, 25/2, 25/3, 25/4, 25/5, 25/6, 27/1, 27/2, 27/3, 27/4, 27/5, 27/6, 32/1, 32/2, 32/3, 33/1, 33/2, 33/3, 36/1, 36/2, 36/3, 36/4, 36/5, 36/6, 36/7, 36/8, 36/9, 36/10, 36/11, 36/12, 36/13, 36/14, 36/15, 36/16, 36/17, 36/20, 36/22, 36/23, 36/24, 36/25, 36/26.

Gloppen kommune: 98/1, 98/2, 98/3, 98/4, 98/5, 98/6, 98/7, 98/8, 98/10.

Stryn kommune: 12/1, 13/1, 13/2, 13/3, 13/5, 13/6, 13/7, 13/8, 13/9, 13/12, 13/13, 13/19, 13/21, 17/1, 17/2, 17/3, 17/4, 17/5, 17/7, 17/8, 17/10, 17/11, 17/14, 17/15, 18/1, 18/2, 18/3, 18/4, 18/5, 18/6, 18/7, 18/8, 18/9, 18/10, 18/11, 18/12, 18/13, 18/14, 18/15, 20/1, 20/2, 20/3, 20/4, 20/5, 21/1, 21/2, 21/3, 21/4, 21/5, 21/6, 21/7, 21/8, 21/10, 21/11, 21/12, 21/13, 21/14, 22/1, 22/2, 22/3, 22/4, 22/5, 23/1, 23/2, 23/3, 23/4, 24/1, 24/2, 25/1, 25/2, 25/3, 25/4, 26/1, 26/2, 26/3, 26/4, 27/1, 27/2, 28/1, 28/2, 29/1, 29/2, 29/3, 29/4, 29/5, 29/7, 29/8, 29/10, 30/1, 30/2, 30/3, 30/4, 31/1, 31/2, 31/3, 31/4, 31/5, 31/7, 31/8, 71/1, 71/2, 72/1, 73/1, 73/3, 73/4, 73/6, 73/7, 73/8, 74/1, 74/2, 75/1, 75/2, 76/1, 77/1, 77/2, 77/3, 77/4, 77/5, 77/6, 77/7, 77/8, 77/9, 78/1, 78/2, 78/3, 79/1, 79/2, 79/3, 80/1, 80/4, 80/5, 80/7, 80/8, 80/9, 97/1, 97/2, 97/3, 97/4, 97/5, 97/6, 97/7, 97/8, 97/9, 98/1, 98/2, 99/1, 99/3, 100/1, 101/1, 101/3, 102/2.

Grensene for nasjonalparken går fram av kart i målestokk 1:65.000 merka
Miljødirektoratet mai 2017.

Kartet og verneforskriftene finst i Luster, Sogndal, Balestrand, Førde, Jølster, Gloppen og Stryn kommunar, i Sogn og Fjordane fylkeskommune, hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, i *Miljødirektoratet* og i *Klima og miljødepartementet*. Dei nøyaktige grensene for nasjonalparken skal om mogleg avmerkast i marka. Knekkpunkta bør koordinatfestast.

II

Denne forskrifta tek til å gjelde straks.

Vidare saksgang

Miljødirektoratet vil kunngjera endringsforskrifta i Norsk Lovtidende. Vi ber Fylkesmannen kunngjera endringane for dei berørte partane lokalt. Vi ber vidare om at Fylkesmannen legg dei nye grenseendringane og det nye vernekartet inn i Naturbase.

Helsing
Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjend

Olav Nord- Varhaug
seksjonsleder

Line N. Klungreseth

Tenk miljø - velg digital postkasse frå e-Boks eller Digipost på www.norge.no.

Vedlegg: Vernekart og forskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark

Kopi til:

Jølster kommune	Kommunehuset	6843	Skei I Jølster
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Kjøsnesfjorden Kraftverk as			
Klima- og miljødepartementet	Postboks 8013 Dep	0030	OSLO
Førde kommune	Boks 338	6801	Førde
Luster kommune	Rådhuset	6868	Gaupne
Balestrand kommune	Rådhuset	6898	Balestrand
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	Sandane
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	Stryn
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	Sogndal